

Utkast

Delegeringsreglement

Del 1

Ullensvang kommune

2020 – 2024

# Innhald

<b>Organisatorisk oppbygging</b>	<b>2</b>
<b>Politisk nivå i Ullensvang kommune</b>	<b>3</b>
Lovpålagte politiske organ etter kommunelova	3
Lovpålagte politisk valde organ etter særlover	3
Administrativt nivå i Ullensvang kommune	4
<b>Bakgrunn for delegering</b>	<b>5</b>
<b>Delegering til enkeltutval</b>	<b>7</b>
Kommunestyret	7
Formannskapet	10
Ordførar	12
Administrasjonsutvalet	12
Kontrollutvalet	13
Valstyret	13
Råd for eldre	13
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13
Skjønsutval etter forpaktingslova	14
Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt	14
Klagenemnd i eigedomsskattesaker	14
Forliksråd	14
Rådmannen	14
<b>Andre politiske organ sitt mynde</b>	<b>16</b>
Utval for samfunn, plan og næring	16
Utval for kultur og levekår	17

# Organisatorisk oppbygging

Kommunelova legg opp til to nivå av beslutningstakarar. Politisk nivå og administrativt nivå.

## Politisk nivå i Ullensvang kommune

### Lovpålagte politiske organ etter kommunelova

- Kommunestyret, jf. § 6
- Formannskapet, jf. § 8
- Ordfører/varaordfører, jf. § 9
- Administrasjonsutval, jf. § 25
- Kontrollutval, jf. § 77

### Lovpålagte politisk valde organ etter særlover

- Valstyre, jf. vallova § 4-1.
- Stemmestyre, jf. vallova §4-2
- Eldreråd, jf. eldrerådslova § 1, 1. avsnitt.
- Råd for funksjonshemma, jf. lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §2
- Evt. felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, jf eldrerådslova §4a
- Skjønsutval på 3 medlemmer, jf. forpaktingslova § 11, 2. avsnitt
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 8 A-3 (4) (eller oppnemne personar når allmen taksering skal finne stad, jf eigedomsskattelova § 8 A-3 (2))
- Klagenemnd i eigedomsskattesaker (tidl. overskattetakstnemnd), jf. eigedomsskattelova §20
- Forliksråd, jf. domstollova § 27, 1. avsnitt, evt. ta del i felles forliksråd med andre kommunar med felles sekretariat innafor same domssokn, jf. domstollova §27, 7. avsnitt
- Klagenemnd, jf. forvaltningslova §28 (frivillig)

Andre politiske organ Kommunelova gjev høve til å opprette faste utval (§ 10 nr.1), komitear (§ 10 nr.5), styre for bedrift ol. (§ 11 nr.1) og interkommunale styre (§ 27 nr.1) i tillegg til dei lovpålagte politiske organa. I Ullensvang kommune har ein valt å opprette følgjande utval, nemnder ol:

- Utval for samfunn, plan og næring
- Utval for kultur og levekår

# Administrativt nivå i Ullensvang kommune

Kommunelova pålegg kommunen å ha følgjande stillingar/funksjonar:

- Administrasjonssjef (rådmann), jf § 22

## Andre stillingar/funksjonar som er heimla i særlover:

- Fagutdanna biblioteksjef, jf. folkebiblioteklova § 5
- Skatteoppkrevjar, jf. skattebetalingslova § 2-1
- Skulefagleg kompetanse (skulefagleg ansvarleg), jf. opplæringslova § 13-1 4. avsnitt
- Rektor, jf. opplæringslova § 9-1 2. avsnitt
- Kommunelege, jf. helse- og omsorgstenestelova § 5-5
- Barnevernsleiar, jf. barnevernlova § 2-1 4. avsnitt
- Arkivansvarleg, jf. arkivlova § 12, jf. forskrift av 11.12.1998 nr 1193 § 2-1
- Ordning som ivaretek barn- og unge sine interesser i planprosessar, jf. plan- og bygningslova § 3-3
- Leiar av brannvernet, jf. § 9 i brann- og eksplosjonsvernlova, jf. forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen av 26.06.2002, nr. 729 § 7-11
- Fagleg leiar av heimesjukepleietenesta, jf §13-2 i helse- og omsorgstenestelova, jf. §3 i forskrift om lovbestemt sykepleieteneste i kommunens helsetjeneste
- Fagleg leiar for helsesøstertenesta, jf §13-2 i helse- og omsorgstenestelova, jf. §3 i forskrift om lovbestemt sykepleieteneste i kommunens helsetjeneste

Lista er ikkje nødvendigvis uttømande.

# Bakgrunn for delegering

## Heimel for delegering

Lovgrunnlaget for systemet med delegering av mynde ligg i kommunelova sin §6. I utgangspunktet ligg alt vedtaksmynde, som ikkje spesifikt er lagt til andre, til kommunestyret.

## Kva er delegering?

Delegering er at nokon, dvs organ eller stilling, (A) med mynde gjev ein annan, dvs organ eller stilling, (B) mynde av same art som ein sjølv (A) har.

Delegering frå td. kommunestyret til rådmannen for eit bestemt saksfelt gjer ikkje at kommunestyret mister noko av sitt eige mynde på dette saksfeltet. Kommunestyret kan framleis fatte vedtak på dette saksfeltet på same måte som rådmannen kan.

Uansett om det er rådmannen eller kommunestyret som fattar vedtak er det kommunestyret som har ansvaret for saksfeltet. Når rådmannen fattar vedtak innan dette saksfeltet, gjer han dette på vegne av kommunestyret, og har då ikkje det formelle ansvaret for vedtaket. Rådmannen har likevel eit ansvar i forhold til kommunestyret som sin overordna og det organ som har gjeve delegasjonen.

## Kvifor delegering?

Den viktigaste grunnen til at det skjer delegering av mynde, er å avlaste det organ eller den stillinga som sit med myndet og fordele arbeidsbelastninga på fleire. Ein annan årsak kan vere at det for å fatte hensiktsmessige vedtak er behov for fagkunnskap som den med mynde ikkje har. I tillegg vil delegering i dei fleste tilfelle gje kortare saksbehandlingstid i einskildsaker.

Kommuneloven § 6 slår fast at det i hovudsak berre er kommunestyret som har mynde til å fatte vedtak på vegne av kommunen. Når ein ser det tal vedtak som blir fatta i kommunen årleg, seier det seg sjølv at det ikkje er hensiktsmessig eller praktisk mogleg at alle disse blir fatta av kommunestyret sjølv. For å unngå ein slik situasjon er det vanleg at kommunestyret derfor delegerer deler av sitt mynde til andre organ i kommunen. Dette kan vere til andre politiske organ eller til rådmannen.

## Kva kan/kan ikkje delegerast?

For at ei delegering skal vere lovleg må visse kriterium være oppfylte:

### **A. Det må være lov å delegerast myndet.**

Utgangspunktet i kommunelova er at det mynde som er gjeve etter lova kan delegerast. Det er likevel unntak frå dette, det er dei såkalla delegasjonssperrene. Den mest vanlege sperra er at det er lagt til "selv" eller "sjølv" i lovteksten. Som td. i kommunelova § 22 nr. 2 "Kommunestyret .... ansetter selv

administrasjonssjefen". Denne formuleringa gjer at kommunestyret ikkje kan vedta å gje andre mynde til å tilsette rådmann.

Om eit organ har fått delegert mynde innan eit saksfelt, er utgangspunktet at dette myndet igjen kan bli delegert vidare. Men også her er det unntak. Nokre organ som kan få delegert mynde vil normalt ikkje kunne delegere det gjevne myndet vidare. Dette gjeld ordførar, styre for bedrifter ol. og interkommunale styre.

Rådmannen har en avgrensa rett til vidare delegering. Han kan ikkje delegere det myndet han har fått vidare til andre politiske organ, som faste utval, komitear ol., men han har rett til å delegere vidare internt i sin administrasjon. I dei tilfella der det i utgangspunktet er fri rett til vidare delegering, kan dette bli avgrensa ved at det i det opphavlege delegeringsvedtaket blir sagt at dette myndet ikkje kan bli delegert vidare til andre.

## **B. Delegeringa må bli gjeve til nokon som har lov til å få slikt mynde**

Kommunelova set avgrensingar både på kven som kan få mynde ved delegering, og på kva type mynde desse kan få.

- Formannskap, § 8 nr 3:
  - kan få mynde frå kommunestyret
  - kan få mynde i alle saker der delegeringssperre ikkje er til hinder
  - kan delegere sitt mynde vidare til ordførar, utval, styre for bedrifter ol. og rådmann
- Ordførar, § 9 nr.5:
  - kan få mynde frå politiske organ
  - kan få mynde i enkeltsaker eller ikkje-prinsipielle saker der delegeringssperre ikkje er til hinder
  - kan få mynde i hastesaker (§ 13)
- Faste utval, § 10 nr.1 (td. hovudutval):
  - kan få mynde frå kommunestyret
  - kan få mynde i alle enkeltsaker der delegeringssperre ikkje er til hinder
  - kan få mynde i hastesaker (§ 13)
  - kan delegere sitt mynde vidare til leiaren for utvalet, underutval, ordførar, komitear, styre for bedrifter ol. og rådmann
- Komitear, §10 nr. 5
  - kan få mynde frå kommunestyret som saksførebuande organ av saker og til å utføre særskilte verv
  - kan få mynde til å avgjere enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteen sitt oppdrag, og der delegeringssperre ikkje er til hinder
- Kommunestyrekomitear, § 10a
  - kan få mynde frå kommunestyret som saksførebuande organ
  - kan ikkje få avgjerslemynde
  - kan opprette arbeidsutval dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna
- Styre for bedrift, institusjon ol., § 11
  - slikt styre kan bli oppretta av kommunestyret og få sitt mynde frå kommunestyret
  - alle eller nokre medlemmer i slikt styre kan, dersom kommunestyret bestemmer det, bli

oppnemnt av rådmannen eller bli valt av dei tilsette eller bli valt av brukarane ved vedkomande institusjon eller, etter delegeringsvedtak, bli valt av formannskapet eller fast utval

- kan få mynde til å avgjere saker som angår verksemda si drift og organisering der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i styret
- Rådmannen, § 23 nr.4
  - kan få mynde frå politiske organ
  - kan få mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker og **ikkje-prinsipielle** saker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan delegere sitt mynde vidare internt i administrasjonen
- Administrasjonsutval § 25
  - som faste utval etter § 10
- Interkommunalt styre § 27 nr. 1
  - kan få mynde frå to eller fleire kommunestyre
  - kan få mynde til å avgjere saker som angår verksemda si drift og organisering der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i det interkommunale styret
- Samanslutning av kommunar (td. KS) § 28
  - kommunestyret kan gje ei samanslutning av kommunar fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtalar
- Vertskommune § 28 a – k
  - ein vertskommune kan få delegert mynde for å utføre nærare bestemte oppgåver og fatte vedtak på vegne av dei samarbeidande kommunane ved at kommunestyret gjev instruks til eigen rådmann (adm.sjef) om delegering til rådmannen i vertskommunen.

### C. Sjølve delegeringsvedtaket må være gyldig

I dette ligg det at saksbehandlingsreglar og regler om fleirtal, habilitet, om utvalet er vedtaksført o.l. må vere følgde.

## Delegering til enkeltutval

### Kommunestyret

1. Etter kommunelova er kommunestyret Ullensvang kommune sitt øvste folkevalde organ. Kommunestyret har difor rett til å fatte vedtak i alle saker som angår kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret har sjølv avgjerdsmynde i dei sakene der kommunelova og

særlover har gitt kommunestyret avgjerdsmynde som det ikkje er høve til å delegere (delegeringssperre). Desse sakene skal avgjerast av kommunestyret, til vanleg etter tilråding frå det organet som etter sitt reglement skal gje tilråding til kommunestyret innanfor vedkomande organ sitt saksområde. Kommunestyret kan likevel fatte vedtak utan tilråding frå anna organ i slike saker.

2. Når ikkje anna følgjer av lov som nemnt, gjer kommunestyret sjølv vedtak i alle saker med mindre kommunestyret har delegert avgjerdsmynde slik:
  - a) til andre folkevalde organ etter dette delegeringsreglementet eller etter særskilt delegeringsvedtak
  - b) til rådmannen
3. Alle delegeringsvedtak skal vere skriftlege.
4. I tillegg til saker der kommunelova eksplisitt har lagt vedtaksmyndet til kommunestyret, skal kommunestyret også avgjere følgjande saker etter same lov:
  - a. Kommuneplanen og andre planar av overordna karakter som skal inngå som delplanar i kommuneplanen.
  - b. Andre saker med overordna politiske styringsføremål og saker elles som er viktige for kommunen.
  - c. Årsmelding, rekneskap og rekneskap for større bygg- og anleggsprosjekt.
  - d. Saker med budsjettmessige følgjer, m.a. saker om nye tiltak/ tenester eller vesentleg utviding av etablerte tiltak/ tenester.
  - e. Andre saker som har samanheng med årsbudsjettet/ økonomiplanen.
  - f. Saker om å setja i gang større plan- og prosjektarbeid.
  - g. Godkjenne avtalar med vesentleg økonomiske forpliktingar, inkludert også avtalar om interkommunale samarbeidstiltak.
  - h. Opptak av nye lån til refinansiering av eldre lån.
  - i. Stille garanti for økonomiske forpliktingar.
  - j. Fastsetje prisar og andre salsvilkår m.m. for kommunalt tilrettelagde tomter til bustadføremål og næringsføremål.
  - k. Fastsetje betalingssatsar og gebyr for kommunale tenester.
  - l. Fråsegner frå kommunen om viktige politiske saker og planar.
  - m. Hovudtrekka i organiseringa av kommunen.
5. Kommunestyret har sjølv avgjerdsmynde i alle saker etter særlov så langt vedkomande særlov har gjeve kommunestyret avgjerdsmynde som det ikkje er høve til å delegere til andre politiske utval eller rådmannen.

## Delegeringssperre

I mange høve gjev kommunelova ingen andre enn kommunestyret mynde til å fatte vedtak i bestemte saker, såkalla delegeringssperre. Det er delegeringssperre etter kommunelova i følgjande saker:

- Endre medlemstal i kommunestyret, jf. § 7 nr. 3.
- Velje formannskap, jf. § 8 nr. 1 og 3.
- Velje ordførar og varaordførar, jf. § 9.



- Opprette, omorganisere, nedlegge og bestemme arbeidsfeltet for faste utval. Velje medlemar, varamedlemer, leiar og nestleiar til slike, jf. § 10.
- Opprette, omorganisere og nedlegge kommunestyrekomitear og bestemme saksfeltet for desse, jf. § 10a.
- Opprette, omorganisere og nedlegge styre og bestemme styret si samansetning for kommunal institusjon, jf. § 11.
- Opprette, omorganisere og nedlegge evt. kommunedelsutval og bestemme saksfeltet for desse. Velje medlemmer, varamedlemer, leiar og nestleiar til slike, jf. § 12 nr. 1-3 og 5.
- Gje mynde i hastesaker, jf. § 13.
- Suspensjon av folkevalt, jf. 14, nr. 3.
- Suppleringsval av varamedlemer til formannskapet, jf §16, nr. 5.
- Det nyvalte kommunestyret skal vedta neste års budsjett etter konstituering, jf. § 17, nr 4.
- Innføre eller oppheve parlamentarisme som styringsform, jf. § 18 nr. 1 og 3.
- Eventuelt innføre og velje kommuneråd m.v., jf. § 19 nr. 1 og 3.
- Tilsette rådmann, jf. § 22 nr. 2.
- Bestemme at ein i leiande stillingar skal tilsette på åremål, jf. § 24 nr. 2.
- Opprette eller slutte seg til pensjonsordning for tilsette i kommunen, jf. § 24 nr. 3.
- Velje medlemmer frå kommunen og leiar/nestleiar i partssamansette utval – administrasjonsutval, jf. § 25 nr. 2.
- Fastsette retningslinjer for dei tilsette sin møterett i nemnder, jf. § 26 nr. 4.
- Opprette interkommunale styre til løysing av felles oppgåver og gje desse mynde til å treffe avgjerder som angår verksemda si drift og organisering, jf. § 27 nr. 1.
- Overdraging av tariffmynde til ei interkommunal samanslutning (t.d. KS), jf. § 28.
- Delegere mynde til ein rådmann i ein vertskommune i eit administrativt vertskommunesamarbeid. Dette skjer ved at kommunestyret gjev instruks til eigen rådmann (adm.sjef) om delegering av bestemte oppgåver til rådmannen i vertskommunen, jf. §28-1 b, nr 3.
- Delegere mynde til felles folkevalt nemnd i eit vertskommunesamarbeid, jf. § 28-1 c, nr. 3.
- Vedta skriftleg samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid, jf. § 28-1 e, nr 1.
- Fastsette reglar for føring av møtebok i alle folkevalde organ, jf. § 30 nr. 3.
- Vedta at val til folkevalde organ skal gå føre seg som avtaleval, jf. § 38a nr. 1.
- Fastsette reglement for saksbehandling i politiske organ, jf. § 39 nr. 1.
- Vedta reglement for delegering av avgjerslemynde og kven som har tilrådingsmynde (innstillingsrett) i saker til politiske organ, jf. §39 nr. 2.
- Ta stilling til innbyggjarinitiativ, jf. § 39a nr. 1.
- Bestemme at ein skal ha rådgjevande lokal folkerøysting, jf. § 39b nr. 1.
- Vedta reglar for folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument, jf. § 40 nr. 5.
- Vedta reglar og satsar for godtgjering av utgifter og økonomisk tap o.a. for den som har tillitsverv i kommunen , jf. § 41 nr. 1 og 2.
- Vedta reglar og satsar for tapt arbeidsforteneste, jf. § 42.
- Vedta pensjonsordning for folkevalde, jf. § 43.
- Vedtak og endringar av økonomiplanen, jf. § 44 nr. 6.
- Vedtak og vesentlege endringar av årsbudsjettet, jf. § 45 nr. 2.
- Vedta årsrekneskapen med disponering av rekneskapsmessig overskot eller dekking av

rekneskapsmessig underskot, jf. § 48 nr. 3.

- Vedta reglar for kommunen si finansforvaltning, jf. § 52 nr. 1.
- Fatte vedtak om betalingsinnstilling, jf. § 56 nr 1.
- Fatte vedtak om oppretting av kommunalt føretak, og velje styre og fastsette vedtekter for føretaket, jf. § 62 nr. 1.
- Endre vedtekter for kommunalt føretak, jf. § 63 nr. 2.
- Velje styre, leiar og nestleiar i styret for kommunale føretak, jf. § 65 nr. 3 og 4
- Gjennomføre nyval av styremedlemer i kommunale føretak, jf. § 66 nr. 3.
- Har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltninga, og kan forlange ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan omgjere vedtak av andre folkevalde organ eller administrasjonen på same måte som desse kan omgjere vedtaket sjølve. Skal også sjå til at den kommunale rekneskapa blir revidert på ein betryggande måte, jf. § 76.
- Velje kontrollutval med leiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer for tilsynet med den kommunale forvaltninga, jf. § 77 nr. 1.
- Kan når som helst gjennomføre nyval av medlemer i kontrollutvalet, jf. § 77 nr. 3.
- Avgjer om kommunen skal tilsette eigne revisorar, ta del i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med ein annan revisor. Vedtaket blir fatta etter tilråding frå kontrollutvalet, jf. § 78 nr. 3.
- Velje revisor. Vedtaket blir fatta etter tilråding frå kontrollutvalet, jf. § 78 nr. 4.
- Kan fastsette reglar om kontrollutvalet og revisor sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap og fastsetje kva for dokument m.v. som skal sendast til kontrollutvalet og revisor, jf. § 80, 2. ledd.

### **Delegert mynde frå kommunestyret til andre utval/organ etter andre lover**

- Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil gå fram av KF Delegeringsreglement.

### **Delegert mynde frå kommunestyret til andre utval/organ etter interne reglement, planar etc**

I tillegg til delegert mynde etter dette reglementet kan kommunestyret gje delegert mynde til andre utval/organ i medhald av andre reglement/planar. Døme på dette er:

- Økonomireglement for Ullensvang kommune
- Personalreglement for Ullensvang kommune
- Finansreglement for Ullensvang kommune
- Lønspolitisk plan for Ullensvang kommune

Lista er ikkje uttømmende. Kommunestyret kan gje delegert mynde også i medhald av andre reglement/planar sjølv om dei ikkje er nemnde her.

# Formannskapet

Kommunelova gjev ikkje formannskapet avgjerslemynde i enkeltsaker, slikt mynde må i tilfelle gjevast av kommunestyret.

## Delegeringssperre

Det er likevel ei lovpålagt plikt etter kommunelova at formannskapet behandlar og gjev tilråding i nokre bestemte saker.

- skal behandle og gje tilråding i sak om økonomiplan, jf. § 8 nr.3 og § 44 nr. 6
- skal behandle og gje tilråding i sak om årsbudsjett, jf. § 8 nr.3 og § 45 nr. 2.
- skal behandle og gje tilråding i sak om skattevedtak, jf. § 8 nr.3
- skal behandle og gje tilråding i sak om årsrekneskap og årsmelding, jf. § 48 nr. 3

Formannskapet sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover

- Anskaffelseslova
- Arkivlova
- Diskriminerings- og tilgjengelighetslova
- Diskrimineringslova om etnisitet
- Diskrimineringslova om seksuell orientering
- Domstollova
- Eigedomsskattelova
- Finansavtalelova
- Flagglova
- Folkeregisterlova
- Forsikringsverksemdslova
- Forsinkelsesrentelova
- Forsøk i offentlig forvaltning
- Forvaltningslova
- Interkommunale selskapslova
- Kyrkjelova
- Kommunal forkjøpsrett til leigegardar
- Kommunelova
- Konfliktrådslova
- Konesjonslova
- Industrikonesjonslova
- Inndelingslova
- Krigspensjon for sivile
- Krigspensjon for militærpersonar
- Krigsskadeerstaningslova
- Krigsskadestønadslova
- Likningslova
- Likestillingslova

- Merverdiavgifts- kompensasjonslova
- Offentleglova
- Pantelova
- Partilova
- Personopplysningslova
- Plan- og bygningslova (kommuneplanen)
- Pliktavleveringslova
- Politilova
- Rekneskapslova
- Rekvisisjonslova
- Sikkerheitslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Sjømannspensjonstrygdlova
- Merverdiavgiftlova
- Mållova
- Skattebetalingslova
- Skattelova
- Skjønnsprosesslova
- Statens Pensjonskasselov
- Stiftingslova
- Straffelova
- Straffeprosesslov
- Strålevernlova
- Truomssamfunnslova
- Tvangsfullbyrdingslova
- Tvistelova

## Ordfører

Kommunelova gjev ikkje ordføraren avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen, men kommunestyret eller andre politiske organ kan delegere til ordføraren mynde til å fatte vedtak i einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. § 9 nr. 5. Ordføraren er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen i alle saker dersom ikkje anna er bestemt

Ordføraren kan ikkje berre med heimel i kommunelova § 9 representere kommunen t.d. i eit aksjeselskap eller ei generalforsamling. Representantar til slike organ må veljast på vanleg måte av kommunestyret eller, etter evt. delegering, av eit anna utval. Det er ikkje uvanleg at ordføraren blir valt til slike verv.

## Administrasjonsutvalet

Kommunelova gjev ikkje administrasjonsutvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Administrasjonsutvalet sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover:

- Arbeidsmiljølova

Delegert mynde frå kommunestyret til administrasjonsutvalet etter interne reglement:

- Lønspolitisk plan for Ullensvang kommune
- Personalreglement

Lista er ikkje nødvendigvis uttømande. Kommunestyret kan gje delegert mynde også i medhald av andre reglement/planar sjølv om dei ikkje er nemnde her.

## Kontrollutvalet

Kommunelova gjev ikkje kontrollutvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen. Kontrollutvalet skal stå for det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

## Valstyret

Kommunelova gjev ikkje valstyret avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen. Kommunestyret gjev jf. §4-1 i vallova formannskapet mynde som valstyre.

Valstyret sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover

- Vallova

## Råd for eldre

Rådet skal behandle saker som gjeld eldre sine levekår i kommunen. Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen, jf. lov om kommunale eldreråd §3. Kommunestyret vel leiar og nestleiar jf. § 4a i eldrerådslova.

Råd for eldre sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover:

- Eldrerådslova

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet skal behandle saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår i kommunen.

Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen, jf. lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne §§ 1 og 2.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover

- Lov om råd for menneske med nedsett funksjonevne

## **Skjønsutval etter forpaktingslova**

Blir valt av kommunestyret mellom kommunen sine innbyggjarar når behov oppstår.

## **Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt**

Blir valt av kommunestyret , jf. eigedomsskattelova § 8 A-3 (4) Skal ved behov taksere faste eigedomar i kommunen etter eigedomsskattelova §8 A-3.

## **Klagenemnd i eigedomsskattesaker**

Blir valt av kommunestyret mellom kommunen sine innbyggjarar, jf. eigedomsskattelova § 20. Skal behandle klager på verdsetjing av faste eigedomar i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 20.

## **Forliksråd**

Blir valt av kommunestyret mellom kommunens sine innbyggjarar, jf. domstollova § 27 1. ledd, men utover dette er rådet ikkje ein del av kommunen sin organisasjon. Alternativt kan kommunen ta del i interkommunal ordning ned forliksråd, noko som er tilfelle for Jondal kommune for tida.

## **Rådmannen**

Etter kommunelova § 22 skal kommunen ha ein administrasjonssjef, i Ullensvang kommune kalla rådmann. Kommunalova gjev ikkje rådmannen avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Delegert mynde frå kommunestyret til rådmannen etter interne reglement

- Økonomireglement
- Personalreglement
- Finansreglement
- Lønspolitisk plan

Lista er ikkje nødvendigvis uttømande. Kommunestyret kan gje delegert mynde også i medhald av andre reglement/planar sjølv om dei ikkje er nemnde her.

# Andre politiske organ sitt mynde

Ullensvang kommune har for tida 2 faste utval oppretta av kommunestyret etter §10 nr. 1 i kommunelova

- Utval for samfunn, plan og næring
- Utval for kultur og levekår

## Utval for samfunn, plan og næring

Har ansvar for arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover, men ikkje direkte klient-, pasient-, barne- eller elevretta saker:

- Akvakulturlova
- Alkohollova
- Beitelova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Burettsslova
- Bygdeallmenningslova
- Dyrehelsepersonellova
- Eigarseksjonslova
- Fjellova
- Forpaktingslova
- Forureiningslova
- Friluftsslova
- Geodatalova
- Grannelova
- Grannegjerdelova
- Hamne- og farvatnlova
- Hanndyrlova
- Helgedagsfredlova
- Hundelova
- Husbanklova
- Jordlova
- Jordskiftelova
- Kosmetikklova
- Lakse og innlandsfiskeleva
- Luftfartsslova
- Matlova
- Matrikkellova
- Miljøinformasjonslova
- Minerallova



- Motorferdslelova
- Naturmangfaldslova
- Naturskadelova
- Næringsberedskapslova
- Odelslova
- Oreigningslova
- Plan- og bygningslova (alt unnateke kommuneplanen)
- Serveringslova
- Skogbrukslova
- Småbåtlova
- Statsbidrag til skytebanarlova
- Tomtefestelova
- Vassressurslova
- Vass- og avløpsanleggslova
- Vassdragsreguleringslova
- Veglova
- Vegtrafikklova
- Viltlova

## Utval for kultur og levekår

Har ansvar for arbeid med saksfelt som ligg inn under følgjande særlover, men ikkje direkte klient-, pasient-, barne- eller elevretta saker:

- Abortloven
  - Adopsjonsloven
  - Barnehagelova
  - Barnelova
  - Barnevernlova
  - Bustøttelova
  - Film- og videogramlova
  - Folkebibloteklova
  - Folkehelselova
  - Gravferdslova
  - Helse- og omsorgstenestelova
  - Helseberedskapslova
  - Helsepersonellova
  - Helseregisterlova
- Husleigelova
- Introduksjonslova

- Krisesenterlova
- Kulturlova
- Kulturminnelova
- Opplæringslova
- Pasient og brukaretslova
- Pasientjournallova
- Pasientskadelova
- Psykisk helsevernlova
- Smittevernlova
- Sosialtenestelova
- Spesialisthelsetenestelova
- Stadnamnlova
- Sprøyteromslova
- Tobakkskadelova
- Folketrygdlova
- Friskulelova
- Gjeldsordningslova
- NAV-lova
- Vaksenopplæringslova

